

11.06.2009

Bli medlem av Uskedalen Utvikling!

Det har no gått ut ei oppmading om å teikna støttemedlemsskap i Uskedalen Utvikling. Hvis du ikkje har fått ein giro i posten, kan du ordne saka ved å finna ein blankett på SPAR, opplyser leiar Gunnar Myklebust.

Eit medlemsskap kostar berre 150 kroner og då støttar du ei god sak.

Føremålet til UU er å få til samarbeid og utvikling i bygda,
UU arbeider for at vi skal ha eit allsidig næringsliv og eit godt og aktivt bumingjø.

Vidare heiter det i appellen som fylgjer giroen:

'Du synsk sikkert det er kjekt å gå inn på uskedalen.no og halde seg oppdatert på det som skjer, eller å kunne ta ein tur på TI-aren for å treffen kjente.

Det er også positivt å møte til Dialogforum, der ein kan få sei kva ein meiner om enkeltsaker i bygda samt å kunne få informasjon om saker som vedrører bygda vår.

Vi vil tru at dette er nokre av dei elementa som gjer sitt til at bygda vår vert ein god stad å bu. Om du er samd med oss og vil vera med og vidareføra dette arbeidet som allereie er gjort, så bruk giroen under'.